



Til alle elevar, føresette og andre samhandlarar!

Då er det snart jul også ved Fjell Ungdomsskule, og vi vil nytte høve til å takke alle elevar, føresette og samhandlarar for eit fint samarbeid hausten 2011!

Mellom anna har samarbeidet med Fau vore strålande. Discoteket som Fau arrangerte 25. november, vart ein vellukka kveld for alle. Neste arrangement i Fau-regi vert 3. februar kor Valentinsballet går av stabelen.

Det kjem ei sms til alle mobilnr vi har registrerte på føresette. Om du ikkje får ei slik melding, tyder det på at skulen ikkje har ditt(rette?) mobilnr. Ta då kontakt med forkontoret etter nyttår for å korrigere dette.

Vi vil nytte høvet til å informere om at det er reviderte ordensreglar på nettsida vår. Pnkt 6. hadde falle ut i dei ordensreglane som heimane har fått tidlegare. Vi vil gjere dykk merksame på endringa på denne måten.

Den 22.12.11 har vi siste skuledag, og elevane får karakterane sine. Første skuledag i 2012 er den 3. januar.

Takk for dei gode samspele og tida i lag med ungdommane dykkar.

Vi ønskjer alle ei fredeleg jul og eit godt nyttår. Eit nyttår med respekt for kvarandre og mykje god læring!

Beste helsing tilsette og leiing ved Fjell Ungdomsskule